

Høyringsinnspel kommuneplanens samfunnsdel

Frå Voss Næringsråd

Dato: 27.11.2025

1. Innleiing

Voss Næringsråd (VNR) ser positivt på ambisjonen i samfunnsdelen om at «Vossevangen skal vere ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane og overfor eigne lokalsenter og nærsenter.»

For å lykkast med dette treng kommunen ein samfunnsdel som:

- Gir politikarane reelt handlingsrom.
- Legg grunnlag for ei Vossabygd som er attraktiv for tilflytting og næringsutvikling.
- Held seg til nasjonale føringar, utan å innføre eigne strengare lokale avgrensingar enn dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet (SPR).
- Ifm. lovpålagt rullering av kommunale oppgåver må ein vurdere kor stort omfang ein vil gjere ut av det. Lovteksten er gjerne begrenset til å kun "vurdere behovet". Det er gjort mykje bra arbeid tidligare. Tekst og planverk som gjerne kan reviderast eller oppdaterast enkelt og gjerne med sporendring slik at ein får ein rød tråd i det kontinuerlige kommunearbeidet.
- Involver alle eller flest mogleg innbyggjara gjennom digital spørreundersøkelse i forkant av arbeidet. Ja/nei spørsmål og spørsmål som enklare kan omgjerast til god statistikk og diagram til ressurspersonar i heradet som skal skriva planane. Unngå følelser, spørsmål og flytande svar. Offentlig publisering av resultata i undersøkinga. Det er totalsamfunnet som skal fremmast, ikkje det sterkaste individet som ropar høgast.
- Vurdere løpande om ikkje-lovpålagte stillingar i administrasjonen skal videreførast.

VNR si hovudbekymring er at arealstrategien, slik den er formulert i dag, saman med den vedtekne jordvernstrategien, legg sterke og unødvendige restriksjonar på all utvikling. Herunder spesielt av både bustader og næringsareal. Dersom samfunnsdelen skal fungere som eit strategisk styringsdokument for framtida, må ho opne for meir fleksibilitet enn det som kjem fram i dagens tekst.

2. Overordna vurdering

Samfunnsdelen framstår i dag som relativt generell, med få konkrete prioriteringar og få føringar for korleis Voss herad skal legge til rette for vekst, tilflytting og næringsutvikling dei neste 10–20 åra.

VNR meiner samfunnsdelen bør:

1. Styrke regionsenteret Vossevangen, og sikre reelt handlingsrom for utvikling av bustader og arbeidsplassar i og rundt sentrum.
2. Gi forutsigbarheit for utvikling av levande grender, gjennom klare rammer for kva som skal vere mogleg og kva rolle grendene skal spele.
3. Finne betre balanse mellom klima ambisjonar og lokal utvikling, slik at lokale tiltak ikkje går utover nasjonale føringar eller hindrar nødvendig vekst.
4. Ha eit sterkare fokus på inntektssida, ikkje berre effektivisering av offentlege tenester, men korleis kommunen kan auke inntekter gjennom næringsvekst.
5. Vere meir konkrete om befolkningsvekst og bustadsbehov, og knytte dette til K5-prosjektet og framtidig behov for arbeidskraft og bustader.

3. Folkevekst og bustadsutvikling

To av dei viktigaste føresetnadene for næringsutvikling er:

1. Tilgang på arbeidskraft
2. Tilgang på areal

For å få fleire til å bu i Voss treng vi:

- Fleire bustader i ulike prisklassar.
- Fleksibilitet i lokalisering.
- Utvikling av attraktive område både i og utanfor sentrum.

Samfunnsdelen viser til SSB sine framskrivingar som tilseier svak vekst fram mot 2050. Planen seier lite om ambisjonar for vekst, eller kva tiltak som kan påverke den i positiv retning.

Bustader på Vangen

Dersom regionsenteret skal styrkast, må det bu fleire i sentrum. I dag skjer det lite utvikling på Vangen, trass i omfattande moglegheitsstudie som viser potensial for både fortetting, betre estetikk og fleire bustader.

VNR meiner:

- Formingsrettleiaren bør justerast slik at utvikling faktisk blir mogleg.
- Høgare utnytting og bygging i høgda i og nær sentrum må vere eit reelt alternativ.
- Fortetting og transformasjon må vere ein tydeleg strategi.
- Revidering av Områderegruleringsplan for Vossevangen/Sentrumplan. Motsegn frå VFLK, SVV og Banenor på Oftedalsgården, Park og Strandavegen visar til at dette er nødvendig.

Spredning i bustadtilbodet

Bustadutvikling bør òg skje i grendene. Mange arbeidsinnvandrarar og tilflyttarar ynskjer små, tettare lokalsamfunn eller lågare prisnivå enn på Vangen. Enkelte vil bygge og bu akkurat på plassen dei kjem i frå, og har budd i generasjonar.

Boliger for unge

VNR meiner det bør utgreiast løysingar for rimelege bustader og alternative buformer for unge.

VNR støttar særleg mikrohus-konsept for førstegangsetablerarar og tilflyttarar – ei kostnadseffektiv og miljøvenleg løysing som kan bidra til at unge vaksne kjem attende etter utdanning.

Barnehage

Tilgang på barnehageplass er avgjerande for tilflytting.

VNR meiner det bør vere løpande opptak i barnehagane. Me trengjer fleire hender i framtida og da må det vere handterbart å ha fleire born.

Befolkningsvekst og K5

Samfunnsdelen bør vurdere:

- Forventa befolkningsutvikling dei neste 20–30 åra
 - Behov for bustadareal i samband med K5
 - Kva som skal til for å rekruttere arbeidskraft både i byggeperioden og i drift og dra nytte og få aktivitet av byggefasen.
-

4. Regionsenter og grender

Vossevangen som regionsenter

Samfunnsdelen seier at sentrum skal prioriterast, men i praksis skjer det lite utvikling. VNR meiner det trengst:

- Tydeleg prioritering av utbyggingsmoglegheiter
- Tilrettelegging for fortetting og transformasjon.
- Meir fleksibilitet i krav til høgde, form og arkitektur.
- Incentiv for å bygga og utvikla i sentrum.

VNR meiner òg at Skulestadmo, Palmafossen og Tvildemoen bør inngå som «regionsenter», då desse områda er viktige i heilskapen.

Parkering og trafikkløysing på Vangen

Eit moderne sentrum krev både gode gang- og sykkelløysingar, men også realistiske parkeringsløysingar som speglar innbyggjarane sine behov.

God parkering bidreg til:

- Å gjere bustader i sentrum meir attraktive.
- Redusert trafikk i bustadgatene ved at det ikkje vert “leite-køyring”.
- Betre tryggleik for mjuke trafikantar gjennom meir ordna trafikkflyt.
- Parkeringspolitikk treng ikkje stå i motsetnad til miljømål. Tvert imot kan gode og strategisk
- Plasserte parkeringsanlegg:
 - Redusere uregulert parkering i sentrumsgater.

- Samle biltrafikken og gjere sentrum meir gangvenleg.
- Samspille med kollektivknutepunktet for pendlarar.

Eit moderne sentrum krev både gode gang- og sykkelløysingar,

Konkrete forslag:

- Auke i parkeringskapasitet i, eller nær kjerneområdet – gjerne i form av parkeringshus eller underjordiske løysingar.
- Fleire korttidsplassar for handel og service, for å styrke sentrumshandelen.
- Eige parkeringskapittel i kommuneplanens samfunnsdel, med klare mål og strategiar.

Voss har eit unikt sentrum med eit stort potensial, men dette krev tilgjenge for både innbyggjarar, handlande, besøkande og næringsdrivande. Ein gjennomtenkt parkeringsstrategi er ikkje berre eit praktisk spørsmål, men ein grunnstein for vidare vekst, trivsel og verdiskaping.

Næringsrådet ynskjer kommunen tek dette omsynet inn i vidare arbeid med kommuneplanens samfunnsdel.

Levande grender

Planen bør vere tydeleg på:

- Kva slags utvikling som er ønskja rundt Bolstad, Granvin og Opheim.
- Kor store desse områda kan vere.
- Kva slags bustader det faktisk er behov for.

VNR meiner det bør lagast ei boligbehovsanalyse for å avdekke reelle behov og potensial.

5. Næring, industri og arbeidsplassar

Areal for næring

Næringslivet må ha tilgang på areal for å kunne skape arbeidsplassar. Samtidig har næringsaktørane på Voss svært ulike behov. Næringslivet består av alt frå industri og vekstadverksemdar med behov for store tomter, til kontorbaserte bedrifter, småskalaproduksjon, besøksnæring og gründerverksemdar som treng mindre og fleksible lokalar.

VNR meiner difor at kommunen må sikre ein brei portefølje av næringsareal. Dette er viktig for å skape robuste rammer for eit variert og framtidsretta næringsliv.

Konkrete område:

- Istad er definert som område for tyngre industri, men kan bli avgrensa av nye nasjonale krav til myrområde. Det må difor vurderast alternative eller supplerande næringsområde.
- Bjørkemoen, Bømoen og Tvildemoen er framheva som satsingsområde, desse bør følgjast opp.
- Vinjo og Brynalli bør òg definerast som næringsareal med utviklingsmoglegheit, då det kan møte fleire av dei ulike behova i næringslivet.

Ein samfunnsdel kan òg legge grunnlag for styring av initiativ i privat næringsliv gjennom verkemiddel som lågare rekkefølgjekrav, lågare enhetsbidrag, enklare parkeringsreglar og lågare gebyr kostnader, ingen diffuse bidrag til grøntfond og moms refusjon på infrastruktur. Gjev ein tydeleg føringar på dette i områder ein ynskjer utvikling, vil initiativ og utvikling koma av seg sjølv (private initiativer).

Turistbussar

VNR har tidlegare gitt innspel i samband med reguleringsplan for Park.

Holbergsplass bør vurderast som mogleg lokasjon for turistbussar og elbillading. Dette bør ikkje låsast i arealstrategien no.

Bubilparkering

VNR stiller spørsmål ved om bubilparkering i gangavstand til Vangen er riktig prioritering i arealstrategien.

Økonomi

Samfunnsdelen fokuserer nesten berre på effektivisering.

Det manglar ein strategi for å auke inntekter gjennom privat næringsliv.

VNR oppmodar om å vurdere:

- Konkurransedyktig nivå på næringsskatt.
 - Betre tilrettelegging for etableringar.
 - Raskare og meir føreseielege prosessar.
 - Bruk av digitalisering og kunstig intelligens for å effektivisere saksbehandling.
-

6. Arealstrategien – behov for justeringar

Alle kommunar skal følgje SPR. Utfordringa er at arealstrategien for Voss framstår strengare enn nasjonale føringar, og dermed fungerer som eit hinder heller enn som eit styringsverktøy.

VNR meiner:

- Arealstrategien må ikkje vere strengare enn nasjonale føringar.
- Lokale tilleggskrav utan forankring i SPR bør fjernast.
- Teksten må gi politikarane handlingsrom, ikkje binde dei på førehand.

VNR støttar difor eit alternativt framlegg som:

- Justerer teksten slik at han er i tråd med SPR.
 - Fjernar formuleringar som er strengare enn nasjonale krav.
 - Tek bort punkt som er enkeltpersonar sine innspel utan politisk forankring.
-

7. Balanse mellom klima og utvikling

VNR støttar klimatiltak og reduksjon av utslepp, men det må vere rom for utvikling, tilflytting og arbeidsplassar.

VNR meiner:

- Klimamål må ikkje tolkast som stopp for utvikling.
 - Voss må finne kompromiss som tek vare på naturen utan å stogge lokalsamfunnsutvikling.
 - Lokale tiltak skal ha reell klimaeffekt, ikkje hindre uforholdsmessig mykje vekst.
-

8. Konkrete anbefalingar

VNR ber om at følgjande blir innarbeidd i samfunnsdelen:

1. Fleksibel arealstrategi, i tråd med SPR, men ikkje strengare.
 2. Tydelig prioritering av utvikling på Vangen, gjennom fortetting, transformasjon og moglegheit for høgare bygg.
 3. Bustadstrategi for unge og tilflyttarar, inkludert mikrohus, variert bustadtilbod og løpande barnehageopptak.
 4. Klare rammer for grendesenter, inkludert omfang og prinsipp for bustadutvikling.
 5. Realistisk næringsarealplan, med alternative areal dersom Istad blir avgrensa av nye myr-reglar.
 6. Balansert klima–utviklingslinje, utan lokale tilleggskrav som hindrar vekst.
 7. Styrkt fokus på inntektssida, med strategi for å auke næringsinntekter fremfor berre effektivisering.
-

9. Avslutning

Voss har store moglegheiter for vekst og utvikling, men berre dersom kommuneplanen sin samfunnsdel gir politikarane handlekraftige rammer.

Voss Næringsråd håpar dette høringsinnspelet vert vurdert som eit konstruktivt bidrag, og som eit tydeleg signal om at næringslivet ønskjer å vere ein aktiv samarbeidspartnar for å skape eit berekraftig og framtidsretta Voss.

VOS2* NÆRINGSRÅD

Anders Hegland Lauritzen

Vedlegg: Rammevilkår for næringslivet i Voss herad (juni 2024)